

## Faktor 5: Meistringsorientert leiing

Dette er leiing som legg vekt på at den einiskilde medarbeidar skal få utvikle seg ut frå sine eigne forutsetningar, og dermed oppleve meistring og yte sitt beste. Det avgjerande er å skape meistringsopplevingar for alle tilsette.

Meistringsorientert leiing er ikkje ein standardisert måte å leie på. All leiing må væra tilpassa oppgåvetype/fagområde, kultur og eigen personleg stil.

Viktige element i meistringsorientert leiing er å:

- Gje retning – tydelege mål og forventningar
- Gje mening til mål og oppgåver slik at dei verkar motiverande
- Gje individuell merksemd ved å gje støtte, anerkjenning og vise interesse
- Leggje til rette for kompetanseutvikling og godt samarbeid mellom medarbeidarane



illustrasjon: Pia Olsen

Meistringsorienterte leiare legg vekt på høg grad av sjølvstende og å byggje eit godt meistringsklima i arbeidsgruppa. Denne type leiing gjev høgare oppgåvemotivasjon, høgare meistringstru og betre bruk av kompetansen til dei tilsette.

I 10-faktor-undersøkinga målar «Faktor 5 meistringsorientert leiing» berre det som går på individuell merksemd og støtte. Derfor er det viktig å væra bevisst på at fleire av dei andre faktorane også har samanheng med meistringsleiing.

Døme på påstand i undersøkinga (måleindikator):

«Min nærmaste leiinga gjev meg nyttige råd og støtte slik at eg kan forbetre meg»

### Påstandar til refleksjon for leiar og medarbeidar:

God leiing – kva vil du forsterke?		Godt medarbeidarskap – kva vil du forsterke?	
1.	Eg legg til rette for at me saman fortolkar nasjonale mål, lov og forskriftskrav, og lokale planer, mål og vedtak, slik at me får felles eigarskap til den overordna styring som gjeld vår verksemd.	1.	Eg deltar aktivt i målprosessar for å sikre at eg har god forståing for kor me er og kvar me skal.
2.	Eg legg til rette for prosessar der medarbeidarane bidreg til å analysere kor me står og er med å utvikla retning, mål og tiltak for kor me skal.	2.	Eg seier i frå til mi leiar kva eg treng av støtte og oppfylging frå ho/han for å gjera ein god jobb.
3.	Eg kommuniserer stadig om mål og retning, og gjev tydelege grunningar for valte mål og retning.	3.	Når eg ynskjer utfordringar, etterspør eg dette.
4.	Eg viser interesse ovanfor kvar einiskild medarbeidar og tilbyr hjelp og støtte der det er naudsynt.	4.	Eg gjev mi leiar moglegheit til å leie.
5.	Eg gjev konstruktive tilbakemeldingar til medarbeidaren om jobbutføring og vurderer alltid ut frå hans eller hennar forutsetningar.	5.	

6.	Eg følger interessert med på om medarbeidarane når sine utviklingsmål.	6.	
7.	Eg veljar å bruke eit positivt og motiverande språk fordi det motiverer meg sjølv og andre i organisasjonen (t.d.me, oss, saman, aktiv, energi, sterk, gøy, glad, spanande, takk).	7.	
8.	Eg gjev medarbeidarar moglegheit til å delta i prosjekter o.l. som aukar medarbeidaren sin synleg der han/ho jobbar.		